



Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS
Postboks 103
5649 EIKELANDSOSEN

Referanser:
Dykkar: Carl-Johan Haugen
Vår: 18/3570 - 19/14331

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
09.05.2019

Førebels svar med trong for tilleggskommunikasjon - gbnr 195/170 Leknes

Tiltak: flytebrygge/bølgedemper
Byggjestad: Gbnr: 195/170
Tiltakshavar: Eide Fjordbruk
Ansvarleg søkjar: Eide Fjordbruk AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 05.03.2019 og vi beklagar sein tilbakemelding om manglar i søknad.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- **Nabomerknad**

Vi sende over nabomerknad frå Ivar Fotland (vedlagt) den 25.02.2019. Vi har ikkje motteke kommentar frå søkar eller tiltakshavar.

- **Dispensasjon**

I tillegg til dispensasjon frå byggeforbod i strandsona, må tiltaket ha dispensasjon frå arealføremålet i sjø, som er *fleirbruksområde for natur, friluftsliv, ferdsel og fiske* i Kommuneplan for Lindås 2011 – 2023.

Kommunen ber om at tilleggskommunikasjon vert sendt inn samla innan 07.06.2019. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Høyring

Søknaden vert sendt på høyring til Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune, Bergen og omland havnevesen og kommunen si planavdeling.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Merknad til sak - gbnr 195/170 Leiknes

Kopi til:

Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS	Postboks 103	5649	EIKELANDSOSEN
Eide Fjordbruk AS	Støavegen 98	5640	EIKELANDSOSEN

Mottakarar:

Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS	Postboks 103	5649	EIKELANDSOSEN
Eide Fjordbruk AS	Støavegen 98	5640	EIKELANDSOSEN